




Surnadal kommune

Koronavaksineringa

Informasjonsbrosjyre / februar 2021



Alt du treng å vite om
innkalling og bestilling
i Surnadal kommune

Covid-19



surnadal.kommune.no

Til deg som ventar på å bli vaksinert mot covid-19

I starten er det ikkje nok vaksiner til alle.
Du vil få innkalling på mobilen når det blir din tur i køen.
Etterpå kan du bestille time til vaksinasjon på Surnadal kulturhus ved å følge instruksane under.
Vaksinasjonen foregår i puljer under strengt smittevern.



Ill.: FH

Slik får du innkalling og slik takkar du JA:

Vi kallar inn etter tur basert på fødselsdato/år og på antal tilsendte vaksiner. Når det blir din tur får du ei innkalling på SMS på mobilen din med ei tekstmelding med innkalling til vaksinasjon. Dette skjer omlag ei veke før vaksinasjonsdagen din.

Vaksinasjonen krev samtykke. I tekstmeldinga er det derfor ei lenke til nettsida c19.no der du må takke JA eller NEI til tilbodet om vaksinasjon. Dette er same nettsida som også blir brukt til å bestille koronatest i Surnadal.

Slik gjer du det:

- Du opnar nettlesaren på PC og går til nettsida c19.no
- Klikk på *Bestill koronavaksinasjon*
- Klikk på *Bestill time til koronavaksinasjon* eller *Nei, takk til koronavaksinasjon*
- Du får opp eit påloggings vindu via ID-porten, og du gjer akkurat som når du loggar på nettbanken din med elektroniskID og passord
- Du får opp eit enkelt bestillingsskjema som du fyller ut og sender inn
- Du får umiddelbart tildelt time til koronavaksinasjon på Surnadal kulturhus

Du kan gjerne be ein pårørande eller ein du kjenner godt om hjelp. Det går fint an for andre å logge seg inn med sin elektroniskID, så lenge det i sjølve bestillingsskjemaet blir oppgitt rett namn og personnummer til den personen som har fått tilbodet om vaksine frå Surnadal kommune.

*Vi åtvvarar mot å dele passord og brukarnamn med andre.
Det går ikkje an å bestille koronavaksinasjon før ein har fått innkalling.*

Vaksinetelefon: 913 79 001

Dersom du har fått innkalling og du ikkje har pårørande til å hjelpe deg med å bestille vaksinasjon på c19.no, du har spørsmål eller må utsette vaksinen, kan du ringe Vaksinetelefonen i Surnadal kommune.

Telefonen er betent av helsepersonell mellom kl. 09.00 - 15.00 mandag - fredag.

Dersom vi ikkje høyrer noko frå deg digitalt eller via telefon etter å ha sendt deg SMS-innkalling vil du bli oppringt av kommunen med spørsmål om du ønskjer koronavaksine.

Vaksinasjonskøen

Surnadal kommune følgjer FHI si prioriteringsrekkefølge for tildeling av koronavaksiner:



Ill: FHI

1. Beboarar i sjukeheim og utvalde helsepersonellgrupper
2. Alder 85 år og eldre og utvalde helsepersonellgrupper
3. Alder 75-84 år
4. Alder 65-74 år OG personar mellom 18 og 64 år med sjukdommar/tilstandar med høg risiko for alvorleg forløp:
 - Organtransplantasjon
 - Immunsvikt
 - Hematologisk kreftsjukdom siste fem år
 - Annan aktiv kreftsjukdom, pågåande eller nyleg avslutta behandling mot kreft
 - Nevrologisk sjukdom eller muskelsjukdom som medfører nedsett hostekraft eller lungefunktjon
 - Kronisk nyresjukdom eller betydeleg nedsett nyrefunksjon
5. Alder 55-64 år med desse sjukdommane/tilstandane:
 - Kronisk leversjukdom eller betydeleg nedsett leverfunksjon
 - Immundempande behandling ved autoimmune sjukdommar
 - Diabetes
 - Kronisk lungesjukdom
 - Fedme med kroppsmasseindeks (KMI på $\geq 35 \text{ kg/m}^2$ eller høgare)
 - Demens
 - Kroniske hjarte- og karsjukdommar (med unntak av høgt blodtrykk)
 - Hjerneslag
 - Annan alvorleg og/eller kronisk sjukdom som ikkje er nevnt i lista over kan også gje auka risiko for alvorleg sjukdom og død av covid-19. Dette blir vurdert individuelt av fastlege ev. spesialistlege.
6. Alder 45-54 år med underliggende sjukdommar/tilstandar
7. Alder 18-44 år med underliggende sjukdommar/tilstandar
8. Alder 55-64 år
9. Alder 45-54 år

Kvifor ta koronavaksine?

Koronaviruset kan gi alt frå infeksjon utan symptom til alvorleg sjukdom og i sjeldne tilfelle død. Alvorleg sjukdom og død er meir vanleg hos eldre og personar med underliggende sjukdommar, men kan også forekomme hos personar utan kjente risikofaktorar. Desse gruppene er anbefalt vaksine først:

- Dei som er 65 år (f. 1955) og eldre.
- Personar i alderen 18-64 år med dokumentert forhøga risiko
- Helsepersonell med nærbidrag med pasientar i samanheng med behandling eller pleie.

Viktig informasjon før vaksinasjon

Du kan ikkje velje mellom vaksiner som tilbys.

Vaksinene kommunen tek i bruk frå BioNTech/Pfizer og Moderna inneheld ikkje levande virus og gir ikkje koronainfeksjon.

[Les meir om BioNTech/Pfizer.](#) [Les meir om Moderna.](#)



Ill.: FH

Be om råd frå fastlege eller ring Vaksinetelefonen dersom noko under gjeld deg:

- Du er under medisinsk behandling og må utsette vaksinasjonen
- Du har kjent allergi mot nokon av innhaldsstoffa i vaksinen
- Du har hatt alvorleg straksallergisk/anafylaktisk reaksjon
- Du har akutt infeksjonssjukdom med feber over 38°C
- Du er i karantene
- Du har luftvegssymptom eller er sjuk
- Du har/ har hatt covid-19

Koronavaksinen er gratis og frivillig. Vi håpar at flest muleg av dei som blir anbefalt vaksinen takkar ja. Dersom du takkar nei, kan du likevel ombestemme deg. Du kan ringe Vaksinetelefonen for meir informasjon og velje å bli sett på ny innkallingsliste. Du kjem da noko lengre attover i vaksinekøen.

Vaksinasjonsdagen - sett av ein time

- Møt opp til avtalt time på Surnadal kulturhus.
- Ha på munnbind.
- Du blir møtt av ein vaksinevert ved inngangen og vist til setet ditt. Pårørande bes vente utanfor, med unntak ved spesielle behov.
- Ta med utfylt eigenerklæringsskjema. Du får nytt om du ikkje har det med.
- Bruk ermer som er lette å brette opp.
- Etter vaksinasjonen må du vente i minst 20 minutt for observasjon.



Foto: Frå den første koronavaksineringa av personar over 85 år på scena i Surnadal kulturhus.




Vel møtt - når det blir din tur!

Surnadal kommune

Koronavaksine på 1-2-3

Kort informasjon frå Folkehelseinstituttet om vaksine mot koronasjukdomen covid-19




Kven bør ta koronavaksine?

Dei som er 65 år eller eldre.

Vaksne personar med enkelte sjukdomar.

Vaksinen er gratis.




Korleis skjer vaksineringa?

Vaksinen blir gjeven med sprøyte i overarmen.

Vaksinen skal gjevast to gongar med nokre vekers mellomrom.

Hugs å seie frå om du har allergi, brukar medisinar eller er sjuk.



Kor godt verkar vaksinen?

Vaksinen beskyttar mot koronasjukdomen covid-19.

Dei fleste får beskyttelse 1-2 veker etter andre vaksinedose.

Dei som har fått vaksine bør framleis følgje vanlege reglar for smittevern.

Korleis verkar vaksinen?




Vaksinen gjer at kroppen lærer å kjenne igjen viruset og å beskytte seg mot koronaviruset.

Innhaldet i vaksinen forsvinn raskt ut av kroppen.

Men kroppen hugsar korleis han kan forsvara seg mot viruset.

Biverknader



Vaksinen er testa i store studiar på mange tusen menneske. Vanlege biverknader, er:

- Vondt på stikkstaden
- At du blir trøytt
- Hovudverk
- Vondt i kroppen
- Frysningar og feber

Desse biverknadene er ubehagelege, men går over etter få dagar.



Uvanlege biverknader

Kontakt lege eller anna helsepersonell om du får uvanlege, kraftige eller langvarige symptom etter vaksinasjon.

Om du ønsker meir detaljert informasjon om koronavaksine, sjå nettsidene til Folkehelseinstituttet: <https://www.fhi.no/kvp>